



## Ferda-VINJE solo prosjekt

*med Magne Skjævesland ( song / gitar / kåseri)*

### Konsert med noko attåt

Sommaren 1860 gjekk Aasmund Olavsson Vinje (1818-1870) frå Kristiania til Trondheim og attende og var mellom mykje anna til stades ved kroninga av den svensknorske kongen Karl den 15. i Nidarosdomen 5.august 1860. Hendingane frå reisa kom ut i to hefte året etter, i 1861 i boka ***Ferdaminne frå sumaren 1860.***

10 av dikta i denne boka blir her presentert med nye melodiar komponert av Magne Skjævesland. Dessutan vil bakgrunnen for dikta bli forklart/ framført mellom kvar song. Rekkefølga er slik dei er i boka/reisa:

- *Frå byen det berer*
- *Store menn*
- *Den norske og den svenske mann*
- *Den kvelden*
- *Seterjenta*
- *Å kjære vene*
- *Å gjera vondt*
- *I gamle dagar*
- *Turid på Tautra*
- *Drengen finn Drosi*